

# Årsplan

## Knappskog barnehage

### 2023/2024



## Innhold

RAMMEPLANENS FORMÅL OG INNHOLD.....	4
Knappskog barnehage .....	5
Personalet.....	5
Barnehagens verdigrunnlag .....	6
Barn og barndom.....	6
Omsorg .....	6
Mangfald og gjensidig respekt .....	7
Likestilling og likeverd .....	8
Venskap .....	9
Livsmestring og helse .....	11
Hovedmål: .....	14
«Dei utrolege åra» og Dinosauruskulen .....	15
COS .....	16
Barnas medverking.....	17
Fokus på eit inkluderande miljø – Trygg i Fellesskap .....	18
Foreldresamtalar .....	22
Foreldremøte.....	22
Foreldreråd.....	22
Brukarundersøking:.....	23
Måltid og matglede .....	24
Tilvenning, overgang frå avdeling til avdeling og frå barnehage til skole .....	25
Tilvenning .....	25
Barnehagen som pedagogisk verksemd.....	26
Digitale praksis .....	27
Vurdering.....	28
Plan for vurdering barnehageåret 2023/ 2024 .....	29
Rammeplanen sine fagområde .....	30
Progresjon .....	30
<b>Natur, miljø og teknikk</b> .....	31
<b>Kommunikasjon, språk og tekst</b> .....	32
<b>Kropp, bevegelse, mat og helse</b> .....	33
<b>Kunst, kultur og kreativitet</b> .....	34
<b>Antall, rom og form</b> .....	35

<b>Etikk, religion og filosofi .....</b>	36
<b>Nærmiljø og samfunn .....</b>	37
Helse, miljø og sikkerheit .....	38
Ferie barnehageåret 2023/ 2024 .....	38
Årshjul.....	39
Kontakt med Knappskog barnehagen .....	40



## RAMMEPLANENS FORMÅL OG INNHOLD

Rammeplan for barnehagar pålegg alle barnehagar å utarbeide ein årsplan som gjer rammar for innhald om årets arbeid.

Årsplanen er eit arbeidsreiskap for personalet, samt informasjon til foreldre og andre interessentar.

Rammeplan for barnehagens innhald gir en utfyllande instruks til korleis barnehagelova skal omsetta til praksis.

Personalet i barnehagen forplikta seg til å jobbe etter følgande:

- Barnehagens innhald skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarn og barnegruppa.
- I barnehagen skal barna få leike og utfolde skaparglede, undring og utforskning.
- Arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse, kommunikasjon og språk skal sjås i samanheng og samla bidra til barns allsidige utvikling.
- Barnehagen skal vere ein kulturarena der barna er medskapar av eigen kultur i ein atmosfære prega av humor og glede.
- Barnehagens fysiske miljø skal vere trygt og utfordrande og gje barna allsidige bevegelses erfaringar.
- Personalet skal utforme det fysiske miljøet slik at alle barn får moglegheit til å delta aktivt i leik og andre aktivitetar, og slik at leiker og materiell er tilgjengeleg for barna.
- Barnehagen skal fremje verdiar, haldningar og praksis for eit meir berekraftig samfunn.

## Knappskog barnehage

Knappskog barnehage opna august 2008. Barnehagen er ein av 14 kommunale barnehagar i Øygarden kommune. Bygget eigast av Bustadstiftinga og er drive av Øygarden kommune.

Barnehagen har fem avdelingar: to småbarnsavdelingar (1-3 år), to mellomgrupper (3 - 4 år), samt ei førskulegruppe.

Barnehagen ligg i naturskjønne omgivnader og grensar til eit skogsterreng. Kun ei kort tur unna ligg Ulveskogen, fjæra i Grottvika og fjelltoppen Skjenet. Uteområdet har store variasjonar i terrenget, og gjev barna gode moglegheiter til å utfolde seg. Barnehagen ligg like ved Barneskulen, der vi får nytta oss av bibliotek og gymsal, samt vår felles grillhytte. Barnehagen har ein gapahuk og vannrom i barnehagen.



## Personalet

Knappskog barnehage har 18 årsverk. I tillegg kjem støtteressursar, vikarar, praksisstudentar, vaktmeister og reinhaldar. Vi har 10 barnehage læare. 9 barne- og ungdoms arbeidrar og 1 assistent.

Pedagogisk leiar er arbeidsleiar for avdelingspersonalet. Dei vaksne samarbeider tett for å utarbeide og gjennomføre planar.

Vi driftar barnehagen ut i frå lov om barnehagar, rammeplan og dei kommunale vedtekten.

## Opningstider er: 07.00 – 16.30

### Planleggingsdagar:

Det er fem planleggingsdagar i laupet av eit barnehage år.  
Dagane for barnehageåret 2023/2023 er:

**11 september 2023**

**03 november 2023**

**09 februar 2024**

**10 mai 202**

**21 juni 2024 – flyttet frå 15 august 2023**

## Barnehagens verdigrunnlag

«Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen.»

Knappskog barnehage har høge krav om å kunne å sjå det enkelte barn. Vi ønsker å samarbeide med føresette og andre instansar for å kunne tilby eit godt tilbod til alle barn. Vi ønsker å være tilgjengelege, rause, kompetente og løysingsorienterte. **Fordi vi skal ha mot til å leve, mot til å bry oss, mot til å si nei, mot til å sjå og mot til å handle.**

### Barn og barndom

Barndommen har **eigenverdi** og vi skal ha ei heilskapleg tilnærming til barnas utvikling. Barnehagen skal ivareta barn sitt behov for omsorg, leik og fremje læring og danning for ei allsidig utvikling.

### Omsorg

Omsorg er grunnlaget for alt arbeid i Knappskog barnehage. Omsorg handlar om evna til å sjå og tone seg inn på barnas behov.

Omsorg er grunnsteinen for at barn skal føle tryggleik for å frigjere seg i leik og læring.

Omsorg er en del av barns trivsel og tryggleik.

Personalet skal:

- Leggje til rette for omsorgsfulle relasjonar som grunnlag for trivsel, glede og meistring.
- Vere sensitiv vaksne som evner å sjå og tone seg inn på barnets behov.
- Vere mottakeleg på barns innspel og fange opp barn sine signal og leggje merke til deira følelses uttrykk.
- Vere empatiske.
- Hjelpe barn til å regulere sine emosjonar gjennom ord, stemmebruk og kroppsspråk.
- Ha evne til å bli sjå andre.
- Ta seg tid til å gå inn i samspel i barns tempo.
- Gje god blikk.



## Mangfald og gjensidig respekt



Barn kommer til barnehagen med forskjellige behov, ressursar og bakgrunn. Barnehagen skal vere eit inkluderande fellesskap med rom for det enkelte barn, der mangfaldet blir sett på som positivt. Vi skal ha **respekt** for alle mennesker, deira kompetanse og verkelegheits oppfatning.

Alle i Knappskog barnehage skal bli møtt med respekt, tillit, likeverd og interesse. For å sikre dette er vi bevisst på eigne haldningar i møte med barn og forsette. Vi gjer alle barn like moglegheiter, uavhengig av kjønn, etnisitet og alder. Vi møter alle barn med undring, alvor og respekt. Barn er sosiale aktørar som sjølv bidreg til eiga læring og trivsel. Samspel mellom menneske er avgjerande for korleis barn utviklar seg og lærer.

Mangfald, respekt og likestilling jobbar vi med heile året. Både som refleksjon i personalgruppene og i samlingar og aktivitetar med barn. Det handlar om å vere ein god ven, lytte til andre, akseptere at vi har ulike bakgrunn og syn på livet; at vi alle er like mykje verdt.



## Personalet skal:

- Gje barn moglegheit til å oppleve at det finst mange måtar å tenkje, handle og leve på. Vi arbeider med f.eks. COS og DUÅ/DINO.
- Synleggjere verdien av fellesskap, og variasjon i verdiar, religion og livssyn. F.eks. kroppen min, vennskapsmånad, jule og påskesamling og mangfalds månad i juni.
- Legge til rette for kulturmøte slik at alle barn kan få oppleve glede og meistring i sosial og kulturelle fellesskap. Dette skjer blant anna ved markering av Samens nasjonaldag, Knappskog leikane og kunstmånaden i mai.



## Likestilling og likeverd



Barnehagen tilrettelegger for det allmennpedagogiske tilbodet etter barnets behov og forutsetningars, også når det er behov for ekstra støtte.

Alle barn i barnehagen skal få oppleva at dei har betyding for fellesskapet uansett alder, kjønn eller familiebakgrunn. Vi har eit miljø der skilnad møtes med respekt og forståing.

Barnehagen er ein møteplass for barn og foreldre med ulik kulturell, språkleg, religiøs eller sosial bakgrunn.

Personalet skal:

- Motverke alle former for diskriminering og fremje nestekjærleik. Vi arbeider med f.eks. «Min kropp» minimum to gangar i året, samt forskulegruppa har ulike tema i DINO skulen.
- Reflektera over eigne haldningar for best mogeleg å kunne formidle og fremje likeverd og likestilling.
- Formidle, skape og fornye kultur, og vere med på å utvikle kulturell identitet.
- Utfordre, støtte og lytte til barn.
- Forstå barnet og følgje barnets initiativ.
- Vere likeverdige samtalepartnar der det utvekslast erfaringar, tankar, meinigare og følelsar. For eksempel gjennom fokusbarn, Barnesamtaler og ulike samlingar.

## Venskap

Venskap bidreg til at vi blir ein del av eit sosialt fellesskap som igjen bidreg til ei positiv sjølvkjensle. Å høre til ei gruppe gir barn tryggleik og sosialt fellesskap. Å oppleve venskap handlar om å føle seg godtatt og verdsett for den ein er.

Fellesskapsfølelsen når ein er saman med vene gjev barnet positiv sjølvkjensle. Samspelet skjer gjennom leik. Barn leikar fordi dei ynskjer det, og fordi dei treng det.

Barnehagen har eit bevisst forhold til korleis ein skal arbeide med barn slik at dei kan verkeleggjere sitt eiga potensiale, meistre utfordringar i livet og bidra til fellesskapet. Vi forstår oss sjølve ved å sjå på andre og ved å måle oss med andre.

Personalet skal:

- Utvikle gode leikemiljø som er tilrettelagt for det enkelte barns utvikling og behov.
- Utvikle eit miljø som har fokus på venskap og sosial støtte.
- Ha fokus på humor, glede og begeistring.
- Skape tilhørsle.
- Arbeide med relasjonar til vaksne, jamaldrande og yngre barn.
- Tilpassa kvardagen slik at alle barn opplev meistring som står i forhold til eiga alder og modning.



## Leik

*«Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast.....leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språklig samhandling.....barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom lek; åleine og sammen med andre.» Rammeplan s.20*

Leiken er indrestyrt og lystbetont, og barn leiker for leikens egen del. Samspel med andre menneskjer er avgjerande for barns utvikling og læring, og leiken er ein arena der desse samspelene oppstår. Ved å leike lærer barn å samhandel med andre, å uttrykke seg, justere seg, etablere venskap, utvikle sosial kompetanse og lære sosiale speleregler som å gje og ta, vise hensyn, vise empati, tålmod og respekt.

Leik er barna si viktigaste uttrykksform og den stimulerer til kreativitet og fantasi. Gjennom leikende læring frigjer barna eigne krefter, evne og anlegg. I leiken prøver barna ut erfaringar, opplevelingar og utviklar tankar.

Leiken har en sentral plass i barnehagen vår. Vi har engasjerte vaksne som ser det enkelte barn og gruppas behov, og som legger til rette for gode leike – og samspelssituasjonar.



Personalalet har kunnskap om når dei skal delta i leik, når dei skal støtte og når dei skal observer. Det er vaksne som respektere og forstår betydninga leik har for barn. Det krev at ein må gi tid og rom for leik, og organisere i mindre grupper.

Personalet skal:

- Sette av tid og rom for å utforske leiken.
- Inspirere barn til å velgje variert og sjå gleden av å leike saman med andre barn.
- Arbeide med relasjonskompetanse.
- Fokus på tilknyting.
- Vere tilstade.
- Skjerme leiken f.eks. dele inn i mindre grupper.
- Veilede, støtte og delta når det er nødvendig.
- Legge til rette for gode og inspirerande leikemiljø.

## Livsmestring og helse

«For at barnehagebarn skal erfare barnehagekonteksten som helsefremmende, der livsmestring er en sentral del av barnehagehverdagen, er det avgjørende at fellesskapet er inkluderende, og at barn opplever vennskap» Livsmestring i barnehagen




Målet er at alle barn skal ha ei god psykisk og fysisk helse. Ein viktig faktor er at barn opplever tilhørsle og fellesskap med andre menneske, har vene, opplever meistring og føler meining med det dei held på med.

I barnehagen skal vi hjelpe barn til å takle motstand, bygge sjølvkjensle, lære å stå i det når dei møter motgang og bli rusta for livet.

Vi tilbyr eit almen pedagogisk tilbod og legg til rette for barn som treng ekstra støtte. Blant anna ved å dele barna i mindre grupper, leikegrupper, språk grupper og best mogleg etter barnas behov.

Barn treng vaksne som kan hjelpe dei å forstå det dei tenkjer og hører rundt seg. Vaksne skal våge å stå i det opne og ukjente, det skapar ei lyttande innstilling og dialog.




Personalet skal:

- Møte barn på ein anerkjennande og respektfull måte, dvs. gje barn følelse av å vere verdifull og at nokon treng deg.
- Leggje til rette for at alle barn får oppleve positive relasjonar, vere med på aktivitetar som dei meistrar og ha vener å leike med i barnehagen.
- Ha strategiar for korleis handterer vanskelege følelsar og hendelsar for eksempel gjennom tema Kroppen min.
- Bry seg og skape tryggheit. Barn skal føle seg trygg ved å være seg sjølv og vite at ein har vaksne som støtter og visar veg.
- Gje leiken gode vilkår.
- Vere engasjert og gje gode blikk.
- Styrke sjølvbilde.
- Ha fokus på robustheit.



## Barnehagen arbeider med Livsmestring og helse, med tre undertema:



Temaene relateres til samfunnsplanen der vi har fokus på at Øygarden kommune er ein god stad å bu, innbyggjarane i Øygarden har god livskvalitet og Øygarden er eit klima – og miljøvennleg samfunn.

Vi ønsker å undre oss over korleis det var å bu i vår kommune før og korleis er det nå. Vi vil finne ut kva er det som binder oss saman og kva skilja oss mellom land og hav. Alle avdelingar vil ikkje gjera alt, men alle skal gjer noko.

## Barnehagens visjon og mål

### Vision:

**«Saman skaper vi kvardags  
magi, livsglede og mestring.»**

Kvardagen er tilrettelagt for utvikling av opplevingar, erfaringar, ferdighetar og kunnskap. Leik er i fokus og gjennom leik undrar, forskar og skapar barn.

Kvardagsmålet er å skape magiske augeblikk. Dei kan ikkje målast, teljast eller planleggast. Magiske augeblikk kan ein føle, du kjenner varme, nærliek, undring og lykke.

Barna opplev eit miljø der dei vekslar mellom fysisk utfolding og ro gjennom sjølvregulering. Alle barn treng ein trygg base, ei stad å kvile og hente krefter.

### Hovedmål:

**Alle barn skal ha ei trygg og  
god kvardag med gode  
relasjonar og leik.**

For at barn skal trivast er det viktig at dei opplev eigenverd, glede og begeistring, leik, mangfald og inkludering, meistring og trivsel, venskap og fellesskap, utforsking og medverking og å høyre til i eit fellesskap.

Det er viktig for barns psykiske helse å høyrer til i eit fellesskap. Dette er ikkje ein sjølvfølge for alle barn. Det er alltid den vaksne sitt ansvar å hjelpe og støtte barn til å høyre til.

For å skape tryggleik, trivsel og glede må vaksne være til stade, vise varme, omsorg, toleranse og ha innsikt i kva ei god barndom er og korleis styrkje barns utvikling.

Vi fokuserer på barnets indre motivasjon og arbeidar med sosial kompetanse som er med å motverke diskriminering og krenkelsar.

Å starte i barnehage er ein stor overgang for dei fleste barn. Det er vårt ansvar å gjere barna trygg på den nye kvardagen ved å byggje gode relasjonar til barn og foreldre. Vi må sjå kvart enkelt barn og leggje til rette for ein forutsigbar kvardag.

Vi har gode rutinar på å vere ny i barnehagen og overgangar frå ein avdeling til ein anna avdeling og frå barnehage til skule, blant anna ved besøksdagar og startsamtalar.

Gode erfaringar for barnet styrkar sjølvbilete og aukar trivsel som igjen bidreg til ei positiv og god utvikling.

Vi skal være ein trygg stad for alle barn, der dei lærar å:

- FÅ EIN VEN
- BEHALDE EIN VEN
- VERE EIN VEN

### «Dei utrolege åra» og Dinosaur-skulen

«Et overordnet mål med DUÅ er å fremme gode og utviklings støttende relasjoner mellom barn og nære voksne, samt positivt samspill barn mellom.»

Frå DUÅ

Personalet i barnehagen har teke del i programmet "Dei Utrolege Åra" (DUÅ) som er utvikla av Carolyn Webser- Strattons.

DUÅ har gitt personalet kompetanse i korleis ein skal fremje sosial og emosjonell kompetanse hjå barn. Vi arbeidar med relasjonsbygging, å vere i forkant (proaktive strategiar), gje ros og positiv merksems, redusere uønska åtferd og vere tydelege og forutsigbare vaksne. Samt vi brukar beskrivande kommentarar, coaching og problemløysing.

I forlenging av dette programmet har delar av personalet fått opplæring i Dinosaurkulen.



Målet med Dinosaurkulen er å styrke førskule barna sin emosjonelle og sosiale kompetanse, å styrke barn sitt sjølvbilete og gi dei oppleving av å meistre.

Barna øver på å kjenne igjen følelsar hos seg sjølv og andre, ta andre sitt perspektiv, utvikle betre ferdigheter i forhold til problemløysing, konflikthandtering og sjølvkontroll.

Barna øver på sosiale ferdigheter som å lytte, vente på tur, bli einige, stille spørsmål, dele, hjelpe kvarandre, samarbeide og gi kvarandre komplimenter.


Dette er viktige ferdigheter å ta med seg for ein god overgang til skule kvardag. For å fremme forståing brukar vi store hand dukker, samtaler rundt video vignettar, rollespel og øvingar, samt ulike aktivitetar knyta opp til tema.

## COS

Verdigrunnlaget i Knappskog handlar om å møte barn med omsorg, tryggleik, nærlighet og anerkjennning. Samt sikre at alle barn er ein del av eit fellesskapet som ser, lyttar og høyrer barna.

Knappskog barnehage har gjennomført og brukar programmet COS som handlar om tilknyting, og om å forstå barnets signal og uttrykk.

Tryggleik sirkelen er ei hjelpe for vaksne til å forstå korleis barnet kan bli tryggare og til å møte sjølvregulering og sosial kompetanse.



Sjølvregulering handlar om å styre seg sjølv som er ei føresetnad for trivsel.

## Barnas medverking

«Barnehagen skal sikre barn sin rett til å medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen....alle barn skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen.»

Gjennom medverknad skal barn lære demokrati og deltaking i samfunnet, samt å ta omsyn til eigne og andre sine behov. Medverknad gjev barn ein kompetanse som ruster dei til samarbeid og ivaretakast av eigne behov.

Barn i Knappskog skal ha innflyting på eiga kvardag og lærer å ta gode val tilpassa sin alder, erfaring, forutsetning og behov. Det er ein balanse mellom individuelle val og samhandling, innflytelse og deltaking i fellesskapet. Det betyr at barn skal delta i kvardagen, samtidig som det er dei vaksne som har hovudansvar for dagen.

Personalet skal:

- Sjå, lytte og involvere barna.
- Møte barns initiativ og interesser, vise respekt for og ta barns undring og teori på alvor.
- Følgje barns spor.
- Leggje til rette for, og oppmuntre til at barn kan bli gitt uttrykk for sitt syn i barnehagens kvardag.
- Sjå barns uttrykk.
- Vise kvart enkelt barn respekt og likeverd.
- Samtale med barn, spørje kva dei tenkjer og meiner, lytte til og akseptere deira synspunkt.
- Dele barn inn i mindre grupper.
- Ikkje vere moraliserande, men vere opptatt av å få innsikt og forståing for barns perspektiv



## Fokus på eit inkluderande miljø – Trygg i Fellesskap

*«Barnehagen skal bidra til at barn trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing»* Rammeplan s. 11

Å vere saman med andre barn og vaksne, få leike og samhandle, kommunisere og vere i bevegelse dannar grunnlag for ein god og allsidig utvikling. I samspel med andre lærer barn og det gjer meining i tilværelsen. Når barn opplev og erfarer positive relasjonar og venskap i barnehagen, styrkes deira sosiale kompetanse slik at dei får ein god sjølvkjensle og livsmeistring. Ved å ha fokus på relasjonar, venskap og sosial kompetanse blir barn betre til å handtere vanskelege følelsar og situasjonar, samt møte motstand.

Knappskog barnehage arbeider med å forebygge, handtere og avdekke mobbing i barnehagen.

Visjonen til Trygg i Fellesskap er:

**KUNNE, VILLE, VÅGE, STOPPE MOBBING**

I Knappskog barnehage har vi vaksne som har kunnskap og ferdigheter for å skape eit trygt og godt barnehagemiljø. Kvardagen blir organisert ut i frå barns beste og vi er bevisst på korleis barnegruppen blir organisert, korleis rommet blir brukt og kva for leikar og materiale som er tilgjengeleg.

For å få eit trygt og godt barnehagemiljø arbeider vi med livsmestring som omhandlar både barnet psykiske og fysiske helse, å bli trygg på eigen kropp, tåle motstand, fysisk aktivitet og ete sunt. Det handlar også om å vere ein del av eit sosialt fellesskap, å kunne etablere venskap og oppleve samhald.

I barnehagen vil barn oppleve opp og nedturar saman med trygge vaksne og i trygge rammar. Det er rom for å prøve og feile, mestre motgang og medgang, kjenne på sorg og glede, oppleve samhald og kunne trivast i eige selskap. Alle barn skal bli inkludert, men alle barn leikar ikkje med alle. Vi arbeider for at alle barn skal ha ein eller fleire vener, og vi arbeider for å forebygge uheldige samspillsmönstre og utestengelse gjennom å ha nære og deltakende vaksne.



Å ha ein god kvardag krev at barn er trygg på eigen kropp, har ein positive oppfatning av seg sjølv og blir kjent med eigne følelsar. Dei skal utvikle forståelse til retten å bestemme over eigen kropp og ha respekt for andres grensar. Vi har ulik verktøy som for eksempel Stine Sofie Stiftelsen, Hele Meg – kropp og grenser i barnehagen, Salaby, «Kanin og Pinnsvin», Bussmodellen og Dino materiale. Samt bøker som er tilgjengeleg for barn og blir tatt frem i samlingar.



Målsetnaden for Knappskog barnehage er å førebyggje og redusere omfanget av mobbing, sikra at mobbing blir avdekkja og handtert godt av alle som er i relasjon til barn og unge.

Å bli krenka eller utestengt er eit brot på retten til å bli respektert og å være trygg i Knappskog barnehage. Når vi ser eller får vite at eit barn ikkje har det bra utløyser aktivitetsplikten ved å gripe inn, handtere, undersøke og følgje opp.

- Vi jobbar for eit trygt og godt barnehagemiljø, som blant anna betyr å førebyggje at barn blir krenka.
- Vi er tett på leiken, i samspel med barna og deira utvikling.
- Vi arbeider med relasjonar og gode møter.
- Vi jobbar med livsmeistring i barnehagen, som blant anna betyr at barn ikkje skal «tole» ulike krenkelsar. Barn skal oppleve glede og begeistring i barnehagen.
- Vi jobbar for at alle barn skal trivast og ha ei god kvardag i Knappskog barnehage.
- Vi jobbar for tilrettelegging av gode fysiske rom som inviterer til leik.
- Vi har fokus på haldninger blant dei voksne og korleis ein møter barn med omsorg, undring og åpenhet.



Personalet skal:

- Sjå til at alle barn får moglegheit til å høyre til.
- Løfte betydninga om at alle barn skal ha det bra. Vaksne skal sørge for å ha gode relasjonar til barn og deira foreldre.
- Sette det psykososiale miljøet på dagsordenen.
- Ha fokus på inkludering. Vi skal skape eit inkluderande miljø med gode samhandlingsmønstre som rettar seg mot

enkeltbarn, grupper av barn eller heile barnehagemiljøet.

- Vere kompetente, tydelege og varme vaksne.
- Arbeide med haldningar (og handlingar).
- Ta foreldre med på råd.
- Ha fokus på leik, fellesskap og venskap.
- Veilede slik at negative mønstre ikkje får utvikle seg.
- Handle når vi ser at barn står utanfor leiken eller blir på anna måte krenka.
- Øve på leike kompetanse.
- Vere nærverande og til stades for å skaper trivsel og eit trygt miljø.
- Følge plan for handtering om ein ser eller høyrer om barn som blir krenka.

## Kommunikasjon, språk og tekst

I barnehagen skal barn få moglegheit til å erfare ulike formidlings måter av tekster og fortellingar, som kjelde til estetiske opplevelser, kunnskap, refleksjon og møter med språk og kultur.»

Øygarden kommune er ein språkommune og Knappskog barnehage jobbar aktivt med å støtte barn i deira språkutvikling.

For å kunne delta i fellesskap saman med andre treng vi eit språk og gode kommunikasjonsferdigheiter. Det er derfor viktig å legge til rette for at barn skal få utvikle eit godt språk, og vere ein del av eit godt språkmiljø. Ved å arbeide med språk får barna erfaring og oppleve gleden og viktigheten med å kommunisere. De opplever at språket er kilden til humor og glede, og til å knytte venskap med andre.

Språket utviklar seg i samhandling med andre; det skjer i leiken og barn føler dei høyrer til, dei får utløp for eiga fantasi, leiken er på liksom og barnet kan utfordre seg sjølv.

Barnehagens personalet skal anerkjenne og respondere på barnas ulike verbale og non-verbale uttrykk og støtte deira språkutvikling og stimulere barns verbale og non-verbale kommunikasjon og legge til rette for at alle barn involverast i samspel og i samtaler



Målet er «å styrke barnehagens daglege arbeid med barnas språklæring gjennom bevisstheit om språkleg mangfald.»

Personalet skal:

- Støtte barnet til å bruke språk.
- Lytte til barnet og følge barnets initiativ.
- Bruke språket bevisst i alle aktivitetar.
- Bruke beskrivande kommentarar.
- Beskrive handling.
- Være likeverdige samtalepartnar.
- Knytte ord til handlingar.
- Språkgrupper for barn med behov.
- Ta i bruk verktøy frå språkløype programmet.



## Samarbeid heim og barnehage

«Barnehagen skal legge til rette for foreldresamarbeid og god dialog med foreldra. Foreldresamarbeidet skal skje både på individnivå, med foreldre til hvert enkelt barn, og på gruppenivå gjennom foreldrerådet og samarbeidsutvalet.»      Rammeplan s. 29

Heimen er barnehagens viktigaste samarbeidspartner. Saman skal vi være med å gje barna ein god barndom.

Eit opent og tillitsfullt forhold mellom personalet og foreldre skaper tryggleik hjå barna. Vi må ha eit felles ansvar for **barnas beste**. Personalet som arbeidar i barnehagen har taushetsplikt. Opplysningar om private og personlege forhold skal ikkje bli gjort kjent for andre. Samarbeid om enkeltbarn avklaras med føresatte før kontakt med andre instanser.

Barnehagen bruker Transponder som hoved kommunikasjons verktøy. Vi er avhengig av eit godt og konstruktivt samarbeid med heimen for å kunne nå våre pedagogiske mål. Vi ønsker oss ein aktiv foreldregruppe som saman med ansatte kan bidra til å skape ein god stad å vere for barn, føresatte og ansatte.

Personalalet skal:

- Gje råd og vegleiing til foreldre, ut i frå den kunnskap og erfaring dei innehavar.
- Ha dialog ved levering og henting, og andre samarbeidsarena.
- Gje informasjon via ulike skriv, oppslag, mail og månadsplanar om kva aktivitetar som er planlagt i barnehagen.
- Møte barnet og foreldre med et smil og sjå, lytte og anerkjenne dei.
- Gje tilbakemelding om korleis barnets kvardag har vore.
- Praktisk informasjon som sovetider er tilgjengeleg i garderoben.

Forventingar til foreldre:

- Openheit.
- Engasjement.
- Samarbeid om barnets bes



## Foreldresamtalar

Vi gjer tilbod om ein foreldresamtale i året. Den har vi mellom november og april. Dersom det er behov eller ønskeleg med fleire samtaler, avtalast dette mellom foreldre og pedagogisk leiar. 2020 barna får tilbod om deltaking i eit forskingsprosjekt: PRO dialog.

Formålet med samtalane er at foreldre og pedagog kan komme saman og gje gjensidig tilbakemelding om barnets behov, utvikling og elles anna av felles interesse.

Dei nye barna i barnehagen vil få ein startsamta, som er ein utvida foreldresamtale. Startsamta omhandlar ulike tema knytt til barnet sin familie.

## Foreldremøte

På foreldremøte blir generell informasjon om ulike tema som angår barn, barnehage, oppvekstmiljø teke opp og diskutert.

På foreldremøtet om hausten er det val av representantar til samarbeidsutvalet i barnehagen. På våren har vi tema møte.

## Foreldreråd

Foreldrerådet består av alle foreldre i barnehagen, og skal sikre eit godt samarbeid mellom heim og barnehage med fokus på å skape et godt miljø basert på felles interesser.

## Samarbeidsutval:

Samarbeidsutvalet (SU) er eit rådgjevande, kontakt fremjande og samordna organ som består av foreldre/føresette og ansatte i barnehagen.

SU skal først og fremst ivareta samarbeidet mellom barnehage og forelderens. Saker som er viktige for innhaldet i barnehagen, forholdet til foreldra, barnehagen eller lokalsamfunnet skal leggjast fram for SU.

- |               |                      |                  |
|---------------|----------------------|------------------|
| ○ SU leder:   | Håkon Wiik Printzlau | Mobil 456 92 488 |
| ○ Nestleder:  | Magnus K Bjørkedal   | Mobil 482 19 897 |
| ○ Sekretær:   | Sissel Flølo         | Mobil 996 32 678 |
| ○ SU medlem:  | Cecilie Gerhardsen   | Mobil 454 75 633 |
| ○ SU medlem:  | John – Erik Vorland  | Mobil 975 53 005 |
| ○ SU medlem:  | Evy – Karin Turøy    | Mobil 416 03 126 |
| ○ SU medlem:  | Erlend David S Sæle  | Mobil 414 10 597 |
| ○ SU medlem:  | Linn Iren Eiterås    | Mobil 930 57 865 |
| ○ Varamedlem: | Ellen Steinsland     | Mobil 970 79 216 |

## Brukundersøking:

Det blir gjennomført brukundersøking anna kvart år i barnehagen. Den gjer barnehagen ein indikasjon på områder som er bra og områder vi må jobbe videre med. Resultatet blir først gjort kjent for personalet, deretter blir det tatt opp i SU.



## Måltid og matglede

Barnehagen følger retningslinjer for mat og måltid. Måltid og matglede skal gje barna eit grunnlag for å utvikle matglede og sunne helsevaner. Måltid i barnehagen er ein god anledning til hygge og sosialt samvær, men også en arena for læring.

Eit godt måltid skal pregast av ro, god tid, fellesskap, smaker og sosialt samvær.

Pr dags dato kostar det 330 kroner i kostpengar.



Personalalet skal:

- Leggje til rette for gode matvanar og være gode rollemodellar.
- Tilby eit sunt og variert kosthald.
- Fokus på korleis maten blir servert.
- Gje barna smaksopplevingar.
- Ha rutinar og rammar som tek barn og deira medverknad på alvor.
- Gjere måltid til ein gledes stund.
- Dyrke eiga grønsakhage saman med barna.

## Tilvenning, overgang frå avdeling til avdeling og frå barnehage til skole

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god barnehage.....barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehagen til skulen, og eventuelt skule fritidsordning.» Rammeplan s.33

Alle barn skal ha tryggje rammer når dei kjem, går og sluttar i barnehagen.

Alle overgangar er ein endringsprosess, det vil si det skjer ei rolleendring for barn der det blir nye krav og forventningar til barnet.

Målet er ikkje å unngå overgangar, for overgangar er ein del av livet. Målet er å gjere dei så gode som mogleg slik at barnet kan meistre overgangane og komme styrkte gjennom dei.

### Tilvenning

Barn si oppleving av den første tida er svært viktig for deira forhold til barnehagen. Målet for tilvenning er å leggje til rette for ein god og trygg tilknytings prosess. Tilvenningstida kallar vi den tida barna treng for å bli trygg på dei nye vaksne, rutinar og dei andre barna.

Når eit barn skal over på ny avdeling, besøker barnet avdelinga saman med ein kjent voksen over ein periode, slik at barnet blir kjent med nye rutinar, barn og vaksne. Føresette skal få beskjed i god tid om skiftet slik at dei kan førebu barnet heime.

Den fyrste skuledagen er viktig for barn og foreldre, og vi arbeider for ein god og trygg overgang frå barnehagen til skulen. Vi har eit tett og godt samarbeid med Knappskog skule. Vi brukar blant anna skulens gymsal, biblioteket og dei eldste barna deltek på skulens Samsong. Det er klare føringer for rutinar om kva som skal gjennomførast i overgangen barnehage og skule.



## Tilbod for nye foreldre:

- Foreldremøte før oppstart. Dette er også for dei som har barn som skal bytte avdeling. Her tek vi opp sakar som gjer overgangen så mild som mogleg.
- Besøksdagar før sommaren.

## Barnehagen som pedagogisk verksemd

«Barnehagen skal vere til barnets beste. Barn skal oppleve glede og mestring i barnehagen. Dei skal leike, lære og utvikle seg og delta aktivt i eit sosialt og kulturelt fellesskap barnehagen skal være ein god støttespiller for foreldre i omsorgen for barn og bidra med god stimulering til læring.» St. meld. nr 41

## Ein lærande organisasjon:

Rammeplanen seier noko om kva som skal til for å gje barn gode utviklings mogleger. Barn er født til å lære og det er dei vaksne sitt ansvar å ha ein aktiv rolle i barns læringsprosessar. Læring skjer gjennom kommunikasjon og samhandling med andre, der ein påverker og påvirkes. Barns læring er avhengig av vaksnes evne til å møte barn der dei er. Det krev vaksne som organisere kvardagen, har fokus på leiken og barns medverknad, at man er aktiv deltaker og har felles opplevelser. Vaksne må dele av sin kunnskap og vise engasjement for å vekke barnas interesse, samt møte barns undring med opent sinn og lytte til kva dei seier. Samspelet skal bære preg av omsorg og respekt og har betydning for kvaliteten på barns læring.

Rammeplanen seier at barnehagen skal støtte barns nysgjerrigkeit, kreativitet, vitebegjær og lærelyst. Det er dette som gjer grunnlaget for livslang læring og danning.



Personalet skal:

- Ha fokus på det gode som skjer i kvardagen.
- Dele kunnskap og erfaringar.
- Være gode rollemodellar. «**Sterk saman, unik aleine**»
- Jobbe for eit godt miljø, som for eksempel å heie på kvarandre.
- Gje ros og anerkjenne kvarandre = bekrefte kvarandre som menneske.
- Gje kvarandre rom for undring og utforsking. Dvs. at det er rom for å feile.
- Skape gode opplevingar.
- Alltid gjere sitt beste.

## Dokumentasjon

Å dokumentere arbeidet i barnehagen handlar om å fange verkelegheitene å sette ord på den, det vil seie å gjere noko synleg og tilgjengeleg for seg sjølv og andre. Personalet dokumentarar arbeidet i kvardagen gjennom, Transponder, månads planar, observasjonar, refleksjonsnotat, bilete og samtaler.

Personalet skal sette ord på sine handlingar og tankar slik at det blir klart for kollegaer, barn og føresette kva vi tenkjer er kvalitet i barnehagen, og kvifor vi gjer som vi gjer.



## Digitale praksis

Barn veks opp i ein verden med teknologi over alt, og teknologien påverker korleis barn leiker og lærar. Barnehagen har ervervet seg ulike verktøy for å fremje den digitale praksis i barnehagen. Digitale verktøy gjer oss mange moglegheiter, både innan leik og læring. Eit barn kan klare mykje åleine, men for å utvikle seg vidare trenger barn støtte og hjelp.

Vi har ulike digital verktøy som ipad, smartboard, pc, kamera og Salaby som jevnleg blir teke i bruk.

## Vurdering

Målet for vurdering er å sørge for **kvalitet i barnehagen der barns trivsel og tryggleik er i fokus, samt gje meistringsfølelse til barn og vaksne.**

Vi må saman med føresette skape ein tilbakemeldingskultur som hindrar at barn opplev å stå utanfor. Barnehagen skal vere ein stad der alle barn veit at dei blir likt og anerkjent for den dei er av alle vaksne i barnehagen.

Eit mål i vurderingsarbeid vil være å **fornye og auke kvaliteten i barnehagen.**

Vi brukar regelverket, årsplan, pedagog-, avdelings- og personalmøte, dagleg foreldrekontakt, planleggingsdagar og brukarundersøking til å vurdere drifta og den pedagogiske verksemda.

Verktøy frå DUÅ, Dinoskulen og COS blir dagleg teke i bruk, samt vi har ressurspersonar i personalgruppa som har ansvar for å følgje opp metodane.



## Plan for vurdering barnehageåret 2023/ 2024

Korleis sikre eit trygt og godt barnehagemiljø i Knappskog barnehage?

<b>Kva</b>	<b>Kven</b>	<b>Korleis</b>	<b>Når/tid</b>
Foreldresamarbeid «Korleis møter vi barn og foreldre i Knappskog barnehage?»	Foreldre  Ansatte/møter	Startsamtaalar  Foreldresamtalene  Dagleg dialog  Foreldremøte  PRO dialog for 2020 barna  A – standard utarbeida	August November til april Kontinuerleg
Trygg i Fellesskap	4 – 5 åringar  3 åringar  1 – 2 åringar	Barneintervju  Vennespørsmål  Observasjonar og praksis forteljingar	November og januar.  Ved behov.
Kystkultur	Ansatte	Prosjekt	Heile året



## Rammeplanen sine fagområde

Rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver er delt inn i syv fagområde. Kvart område dekker eit vidt læringsfelt, og i kvardagen vil dei ikkje opptre isolert, men flyte over i kvarandre. I aktivitetar og prosjekt vil fleire fagområde vere representert. Personalaet synleggjer dette gjennom månadsbrev og dokumentasjon.

## Progresjon

«Progresjon i barnehagen innebær at alle barna skal utvikle seg, lære og oppleve framgang. Barnehagen skal legge til rette for at barn i alle aldersgrupper får varierte høve til leik, aktiviteter og læring.»

Rammeplan s. 44

Avdelingane arbeider ut frå same årshjul og de same satsingsområda. Progresjon i arbeidet ligger i korleis vi møter enkeltbarn og barnegruppen, korleis vi bearbeider det pedagogiske innhaldet, metodevalg, kva leiker og materiale vi tilbyr og korleis vi utformer og legger til rette for det fysiske miljø.

Det er også progresjon i korleis vi arbeider med fagområdene. Vaksne skal ta omsyn til barns alder, ferdigheter og modning slik at alle barn får utfordringar som er tilpassa erfaringar, interessa, kunnskap og ferdigheter. Kvar avdeling tilpassar tema og prosjekt etter barnets alder og modning.



Rammeplanens fagområde:	Eks på korleis vi bruker den:	Pedagogiske mål:
<b>Natur, miljø og teknikk</b> 	<p>-Turar i nærmiljøet rundt barnehagen.</p> <p>-Naturen blir arena for leik, samspel, motorisk aktivitet og samtale.</p> <p>-Prosjektarbeid i mindre og større grupper.</p>	<p>Alle barn skal leike kvar dag.</p> <p>Barnehagen sår, plantar og haustar.</p> <p>Eksperimentering og undring i kvardagen.</p> <p>Sanse aktivitetar.</p>
<b>1 – 2 år</b> - Oppleve å ta i bruk sansane og få positive møter med naturen og nærmiljøet.	<b>3 – 4 år</b> -Utvikle nysgjerrigkeit i møte med naturen. -Bli introdusert for miljøvern. -Ta i bruk eksperiment og bruke forskjellige teknikkar.	<b>5 – 6 år</b> -Bli introdusert for berekraftig utvikling; å ha respekt for naturen, vite noko om miljøvern og få kjennskap til samspelet i naturen.

Rammeplanens fagområder:	Eks på korleis vi bruker den:	Pedagogiske mål:
<b>Kommunikasjon, språk og tekst</b> 	<ul style="list-style-type: none"> <li>- I kvardagen, eks. nemning og/eller gjenta i samtale med barn.</li> <li>- Språkgrupper</li> <li>- Måltid</li> <li>- Samlinger med fortellinger, tekst, song, rim og regler</li> <li>- Stort utval av bøker.</li> <li>- Lesestunder</li> <li>- Støtte barn til å uttrykke sine følelser, tanker, meninger og erfaringer.</li> </ul>	<p>Eit godt språkmiljø.</p> <p>Barna skal oppleve glede og nysgerrigheit ved å utvikle og meistre ulike kommunikasjonsformer.</p> <p>Utvikle symbol og forstå begripa.</p> <p>Dagtavle</p>
<b>1 – 2 år</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Bli kjent med billedbøker og pekebøker.</li> <li>- Ha fokus både på non verbale og verbale språket.</li> <li>- Lære song med og utan bevegelsar ved f.eks. bruke sangkort og konkretar.</li> <li>- Få kjennskap til rim og regler ved å bruke instrumenter og klapping.</li> <li>- Utvikle evne til å kommunisere i leik og samspel med andre barn.</li> <li>-Møte anerkjennande vaksne, oppleve å få uttrykke seg og bli teke på alvor.</li> </ul>	<b>3 – 4 år</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Utvide forståing for begrep</li> <li>- Bruke språket aktivt i leik.</li> <li>-Leike med språk gjennom teljing og sortering.</li> <li>- Bruke puslespel og bøker.</li> <li>- Se samanheng mellom ord og bilde. F.eks. leke Kims lek, Lotto, Memory.</li> <li>- Øve på å gjenfortelle.</li> </ul> <p>Fortelje eventyr med og utan konkretar.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Lytte trening.</li> <li>- Sette ord på ønsker og følelsar.</li> <li>- Fokus på rolle lek.</li> <li>- Dramatiserer og dokumentere.</li> <li>- Bokstavleik.</li> </ul>	<b>5 – 6 år</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Barn møter ordbilete, bokstavar, tall og andre symbol på avdelinga som kan auke interessa for skrift og talespråk.</li> <li>-Bli kjent med ulike kommunikasjons formar.</li> <li>Fremje eigne ynskjer og tankar.</li> <li>- Høgtlesing og lydbøker.</li> <li>- Meir avansert song og historie som fører til refleksjon blant barna.</li> <li>- Trygg på eigen stemme, lytte til andre og vente på tur.</li> <li>-Ha større fokus på teljing, sortering og leike med tekst.</li> </ul>

Rammeplanens fagområder:	Eks på korleis vi bruker den:	Pedagogiske mål:
<b>Kropp, bevegelse, mat og helse</b>  	<p>Venemånad Kroppen min Trygg i Fellesskap Dinoskulen Leik Smøremåltid Turar Basseng. Grønnsakshage DUÅ Medverknad Fokusbarn</p>	<p>La barna oppleve bevegelsesglede, meistringsglede, motivasjon, matglede, mentalt og sosialt velvære, positiv samhandling og fysisk og psykisk helse.</p> <p>La barna bli kjent med egen kropp og følelsar og utvikle bevissthet om eigne og andre sine grensar.</p> <p>Motivere til god hygiene og ete sundt.</p> <p>Vidareutvikle motoriske ferdigheitar.</p> <p>Lære om vegen frå mat til måltid.</p>
<b>1 – 2 år</b>  <ul style="list-style-type: none"> <li>- Tilgjengeleg leikemateriell der ein kan bruke kroppen både inne og ute.</li> <li>- Gymsalen på skulen.</li> <li>- Få positive oppleveling knytt til eigen kropp, meistring og bevegelse.</li> <li>- Bli kjent med namn på kroppsdelar og nokre kjensler.</li> <li>- Leik i barnehagen.</li> <li>- Tumleleik.</li> <li>- Grønsakhage.</li> <li>- Bli høyrt og sett i måltidssituasjonen.</li> <li>- vannrom</li> </ul>	<b>3 – 4 år</b>  <ul style="list-style-type: none"> <li>-Gymsalen.</li> <li>-Turar med meistring og glede i fokus.</li> <li>- Tema Kroppen min.</li> <li>-Tema gode og vonde hemmelegheiter/ gode og vonde berøringar.</li> <li>-Bli fortruleg med sin eigen kropp og sette grensar for seg sjølv.</li> <li>- Begynne å bli meir sjølvstendig med toalettbesøk og på og avkleding.</li> <li>-Oppleve eit sunt kosthald og skaffe seg erfaringar og ferdighetar gjennom aktivitet og leik.</li> <li>-Delta i matlagning.</li> <li>- Grønsakhage.</li> <li>- Vannrom</li> </ul>	<b>5 – 6 år</b>  <ul style="list-style-type: none"> <li>- Gymsalen.</li> <li>- Tur, og gjerne lange.</li> <li>- Eksperimentere frå naturen.</li> <li>- Tema Kroppen min. Samt samlingar i Dino som omhandlar tema.</li> <li>-Utvikle respekt for andres grensar og kunne gje uttrykk for eigne grensar.</li> <li>- Stole på eigen kropp og utfordre eigne grensar.</li> <li>-Tema gode og vonde hemmelegheiter/ gode og vonde berøringar.</li> <li>- DINO</li> </ul>

Rammeplanens fagområde:	Eks på korleis vi bruker den:	Pedagogiske mål:
<b>Kunst, kultur og kreativitet</b> 	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Kunstmåned</li> <li>-Tradisjonar</li> <li>-Årshjul/Tema</li> <li>-Temadagar</li> <li>-Landart</li> <li>-Samlingsstund</li> <li>- Tilby litteratur, kunst og musikk som inspirasjon</li> <li>-Kulturell tilhørighet</li> </ul>	<p>Fokuset skal vere prosess og å ha det gøy.</p> <p>Barn skal få erfaring og gode opplevingar med song, musikk, dans, teater og litteratur.</p> <p>Fokus på å utforske og prøve forskjellige metodar og materiell for at barna skal bli introdusert for eit variert utval av formingsmateriale.</p> <p>Barn sin medverknad skal vere i fokus.</p> <p>Engasjerte og positive vaksne som seier ja.</p> <p>Inne og ute miljø skal gje moglegheit for kreativ leik og aktivitetar.</p>
<b>1 – 2 år</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Introduserer barn for formingsmateriell.</li> <li>- Barna skal få oppleve musikk, song, dans, bevegelse og drama i varierte utgåver.</li> <li>- Barna skal bli kjent med fargar.</li> <li>- Fokus på leik og kreativitet.</li> </ul>	<b>3 – 4 år</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kunne fargane</li> <li>- Finmotoriske aktivitetar.</li> <li>- Eventyr, drama og teater.</li> <li>- Utvikle følelsar gjennom forming, song og teater.</li> <li>-Bruke fantasi, kreativitet og oppleve skaparglede.</li> </ul>	<b>5 – 6 år</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Detaljer i maling og teikning, krevjar finmotoriske ferdigheiter.</li> <li>-Rolleleik.</li> <li>-Museumsbesøk f.eks. avslutningstur før sommarferien.</li> <li>-Oppleve estetiske detaljar i møte med naturen og ulike uttrykksmåtar.</li> <li>- Landart</li> </ul>

Rammeplanens fagområde:	Eks på korleis vi bruker den:	Pedagogiske mål:
<b>Antall, rom og form</b>  	-Daglege gjeremål -Leik -Aktivitetar - Digitale verktøy	-Gje barna moglegheit til å utforske og leike med tall, former og mønstre. -Utvikle barnas matematiske kompetanse gjennom leik, styrte aktivitetar og spontane Kvardagsaktiviteter.
<b>1 – 2 år</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Tilgjengeleg leikemateriell som understøtter utforskning av matematikk f.eks. stor – liten, putte oppi og ta bort, titt tei lek.</li><li>- Bruke kroppen som måleinstrument for eksempel kassar til å sitte i, stubbar å stå på og ting å krype igjennom.</li><li>- Bruke teljing gjennom eventyr, i leik og under måltid.</li><li>- Sortere leikar.</li><li>- Vite om eigen plass i garderoben og ved bordet.</li></ul>	<b>3 – 4 år</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Ha spel, leiker og måleinstrument tilgjengeleg på avdelinga.</li><li>-Kjenne til talrekka opp til 10</li><li>- Delta i matlagning. Kjenne på ulik vekt på matvarer.</li><li>- Delta med påkledning.</li><li>- Utforske former og mønstre, f.eks. klipp og lim, fargeleggje leike med modellkitt.</li></ul>	<b>5 – 6 år</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Eksperimentering av matematiske samanhengar f.eks. flyte/synke eksperiment og måle volum med vann i ulike former.</li><li>- Ha tilgjengeleg måleinstrument i leiken f.eks. målestokk, stoppe klokke, timeglas og vekt.</li><li>- Spelgrupper der ein øver på turtaking, telle og regner saman.</li><li>- Kjenne igjen symbol på entering</li><li>- Butikkleik f.eks. priser, pengar, bompengar.</li><li>- Kunne vekedagane, og etter kvart rekkefølga på dei.</li><li>- Landart.</li></ul>



Rammeplanens fagområde:	Eks på korleis vi bruker den:	Pedagogiske mål:
<b>Etikk, religion og filosofi</b>  	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Tradisjonar</li> <li>-Å høyre til</li> <li>-Trygg i fellesskap</li> <li>- Har eit miljø som er opent for undring, tenking, samtaler og fortellingar.</li> <li>- Barna opplever at alle menneskjer er like mye verdt og viser respekt, omsorg og anerkjennast for hverandres likheter og ulikheter.</li> </ul>	<p>Barn skal bli introdusert for ulike levesett.</p> <p>Å være i barnehagen handlar om å vise respekt for kvarandre og ta vare på kvarandre.</p>
<b>1 – 2 år</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Bli møtt med respekt og omsorg.</li> <li>-Vere ein del av ein gruppe, og øve på å dele.</li> <li>-Føle seg unik</li> <li>-Vise omsorg og ta vare på kvarandre.</li> </ul>	<b>3 – 4 år</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kva er rett og kva er galt? Korleis veit vi kva som er rett og galt?</li> <li>-Skape rom for samtale, undring og forståing av forskjellar.</li> <li>-Føle seg unike.</li> <li>-Få eit innblikk i tradisjon og høgtid.</li> </ul>	<b>5 – 6 år</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Utvikle respekt, toleranse og interesse for kvarandre sin bakgrunn.</li> <li>-Tema i DINO</li> </ul>

Rammeplanens fagområde:	Eks på korleis vi bruker den:	Pedagogiske mål:
<b>Nærmiljø og samfunn</b>  	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Turar</li> <li>-Trygg i Fellesskap</li> <li>- Barna opplever at de er verdi fulle for fellesskapet i barnehagen gjennom aktiv deltakelse og medverking.</li> <li>- Kulturformidling hav og land.</li> </ul>	<p>Få kjennskap til nærområdet gjennom turar.</p> <p>Bli kjent med skulen og området rundt barnehagen.</p> <p>Øve på orienteringsevne til barn.</p>
<b>1 – 2 år</b>  -Oppleve at eigen deltaking påverkar fellesskapet. -Arbeide med alle barn sin trivsel og har eit trygt miljø i barnehagen.	<b>3 – 4 år</b>  -Utforske større delar av nærmiljøet. -Få kjennskap til dyre og planteliv.	<b>5 – 6 år</b>  -Få ein forståing av seg sjølv i eit større samfunnsperspektiv.

## Helse, miljø og sikkerheit

Knappskog barnehage har eit eige verneombod som går faste vernerundar for å sikre eit godt og trygt arbeidsmiljø.

Barnehagen held jamlege treparts møter der styrar, tillitsvalt og verneombod deltek. Vår viktigaste oppgåve er å drive førebyggjande arbeid, der vi tenkjer sikkerheit og risiko og vurdere aktivitetar.

Vi har jamleg sjekk av uteområdet, hygiene og gjennomgang av a – standardane i barnehagen.

Helsevernetaten godkjenner barnehagen, og kvart tredje år er det tilsyn av eksterne tilsynsførar som gjennomgår det pedagogiske innhaldet og HMS arbeidet i barnehagen.

## Ferie barnehageåret 2023/ 2024

**Alle barn skal ha fire vekers ferie i løpet av barnehageåret.** Tre veker skal vere samanhengande i skulens sommar ferie. Dette seier ferielova, og vedtektene for kommunale barnehagar. Kommunale barnehagar er stengt i veke 30 og 31.

### **5.3 Ferie:**

Den 5 ferieveka er barnehagen sine 5 planleggingsdagar fordelt i løpet av barnehageåret.

Alle som skal byrje på skulen om hausten treng ikkje seie opp plassen. **Plassen er frem til og med 14 august.**

## Årshjul

Månad	Aktivitetar
<b>August</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilvenning</li> </ul>
<b>September</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 11.09 Planleggingsdag</li> <li>• Vennskaps markering</li> <li>• 14.09 Foreldremøte?</li> <li>• Brannvernveka veke 38</li> </ul>
<b>Oktober</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• SU møte 03.10.23</li> <li>• Haustferie veke 41</li> </ul>
<b>November</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 03.11 Planleggingsdag</li> </ul>
<b>Desember</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Adventsamlingar</li> <li>• 13.12 Lucia</li> <li>• 19.12 Nissefest</li> </ul>
<b>Januar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>•</li> </ul>
<b>Februar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 06.02 Samanes nasjonaldag</li> <li>• 09.02 Planleggingsdag</li> <li>• 22.02 Karneval</li> </ul>
<b>Mars</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vinterferie veke 9</li> </ul>
<b>April</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 21.04 Fellessamling; tema påskebodskapen, samt «Gul lunsj»</li> <li>• 25.04 Vaffeldag</li> <li>• Påskeferie veke 13</li> <li>• 30.04 Foreldremøte for nye foreldre</li> </ul>
<b>Mai</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunstmånad</li> <li>• 06.05 + 07.05 Fotografering</li> <li>• 10.05 Planleggingsdag</li> <li>• 16.05 Knappskogleikane</li> </ul>
<b>Juni</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 06.06 Sommarfest/utstilling</li> <li>• 13.06 Dinoavslutning</li> <li>• 21.06 Planleggingsdag</li> </ul>
<b>Juli</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ulike aktivitetar i juli månad.</li> </ul>

## Kontakt med Knappskog barnehagen

### Adressa er:

Knappskog barnehage  
Fjæreidevegen 34  
5360 Kolltveit

Mail adressa til styrer:

[nina.turoy@oygarden.kommune.no](mailto:nina.turoy@oygarden.kommune.no)

Heimeside:

[www.oygarden.kommune.no/barnehage/knappskog](http://www.oygarden.kommune.no/barnehage/knappskog)

### Telefonnummer:

Styrer	Mobil: 95 04 48 34/55 09 63 51
Avdeling Mosebakken	Mobil: 91 00 10 73
Avdeling Småtjernet	Mobil: 48 29 02 64
Avdeling Einetoppen	Mobil: 91 00 08 47
Avdeling Lynghaugen	Mobil: 91 00 12 24
Avdeling Bergknausen	Mobil: 91 00 18 63